

Årsmelding 2018



Gudmor Rigmor Andersen Eide døypte den første tenestebåten til Skjergardstenesta i Møre og Romsdal ved arrangementet i Langevåg den 26. oktober 2018.

Innhald:

Side 2-12	Styret og administrasjonen sitt arbeid
Side 12-15	Skjergardstenesta i Møre og Romsdal
Side 16 -20	Drift og skjøtsel av friluftsområde og tilrettelegging for friluftsliv
Side 21 - 30	Aktivitetsarbeid
Side 31-34	Marin forsøpling
Side 35	Leikepatruljen
Side 36-37	Økonomi – rekneskap
Side 37- 41	Oversikt over område og egedelar
Side 41-44	Vedtekter

Forord

2018 har vore eit svært innhaldsrikt, spennande og aktivt år for Sunnmøre friluftsråd. Det har vore tett mellom høgdepunkta, og særleg gledeleg er det at Ulstein, Ørsta og Volda vart medlemmar dette året. No er det berre fem av dei 18 kommunane på Sunnmøre som ikkje er med i friluftsrådet.

Ein annan viktig milepåle i 2018 var etableringa av Skjergardstenesta i Møre og Romsdal. Dette har det blitt jobba aktivt med i fleire år, og vart endeleg ein realitet då vi fekk tenestebåt i juli. «Rigmor» er stasjonert i Ålesund, og med denne båten driftar Sunnmøre friluftsråd skjergardstenesta i heile fylket.

Arbeidet med marin forsøpling vart for alvor eit viktig arbeidsområde for friluftsrådet i 2017, då vi fekk ein halv million kroner frå Miljødirektoratet til opprydding langs Ellingsøyfjorden og Borgundfjorden. I 2018 var løyvinga på 2,5 millionar kroner, og arbeidsområdet vart utvida til alle medlemskommunane til friluftsrådet. Med tenestebåten til Skjergardstenesta fekk vi den nødvendige reiskapen til å dekkje store område også i rufsete vêr. Til saman var vi med på rydding og henting av ca. 40 tonn marint søppel frå fjørene i medlemskommunane i løpet av året.

Det har nesten blitt ein tradisjon at Sunnmøre friluftsråd tek imot ein stor gåvesjekk frå Gjensidigestiftelsen rett før jul. I 2018 fekk vi den største nokon gong: 2,5 millionar kroner fordelt over to år til Leikepatruljen. Dette er eit heilt nytt prosjekt i regi av friluftsrådet, som tusenvis av elevar i barneskulane får glede av.

Drifts- og aktivitetsarbeidet til friluftsrådet har gått som planlagt gjennom heile året, trass i at det også i 2018 har vore utfordrande å få bemanningskabalene til å gå opp. Sjukmeldingar og permisjonar mellom dei fast tilsette har blitt løyst ved ekstrainsats frå resten av staben, innleige av ressurspersonar og midlertidige stillingar. Staben har også blitt utvida med fast tilsetting av leiar for Skjergardstenesta og ei midlertidig 50% stilling i administrasjonen.

Stikk UT! held fram å vekse og set nye rekordar kvart år. I 2018 var 10% av befolkninga i fylket aktive brukarar. I 2018 starta også Sunnmøre friluftsråd med vintertilbodet Stikk UT Ski.

Målt etter omsetning og tal på tilsette, er Sunnmøre friluftsråd i 2018 det 5. største av dei 28 friluftsråda i landet. Vi er eitt av få som arbeider med heile spekteret, frå rådgjeving til kommunane, kurs og aktivitetar i friluftsliv for alle målgrupper, tilrettelegging, drift og skjøtsel av friluftslivsområde, og skjergardsteneste.

Vebjørn Krogsæter - Haram
Styreleiar

Trygve Holm - Sula
Styremedlem

Janet Roelofs - Ørskog
Nestleiar

Birger Honningsvåg - Giske
Styremedlem

Jarle Hauge Steffensen - Ålesund
Styremedlem

Modolf Hareide - Skodje
Styremedlem

Eva Hove - Stordal
Styremedlem

Solveig Linge Stakkestad - Norddal
Styremedlem

Skafti Helgason - Vestnes
Styremedlem

Jostein Dalen - Stranda
Styremedlem

Knut Erik Engh – Ulstein
Styremedlem

Karen Høydal – Ørsta
Styremedlem

Tollak Mikal Kaldheim – Volda
Styremedlem

Styret i 2018

Kommune	1.1.- 14.3.2018	Verv	14.3.-31.12.2018	Verv
Haram	Vebjørn Krogsæter Ewa Hildre	Styreleiar Varamedlem	Vebjørn Krogsæter Ewa Hildre	Styreleiar Varamedlem
Giske	Birger Honningsvåg Sheila Alnes	Styremedlem Varamedlem	Birger Honningsvåg Marit G. Alnes	Styremedlem Varamedlem
Norddal	Solveig Linge Stakkestad Ole Henrik Uri	Styremedlem Varamedlem	Solveig Linge Stakkestad Ole Henrik Uri	Styremedlem Varamedlem
Skodje	Modolf Hareide Geir Ove Leite	Styremedlem Varamedlem	Modolf Hareide Geir Ove Leite	Styremedlem Varamedlem
Stordal	Palma Flåen Øvrebust Frode Færøy	Styremedlem Varamedlem	Eva Hove Frode Færøy	Styremedlem Varamedlem
Sula	Trygve Holm Stine M. Lerheim	Styremedlem Varamedlem	Trygve Holm Stine M. Lerheim	Styremedlem Varamedlem
Vestnes	Skafti Ingi Helgason Inge Bergum	Styremedlem Varamedlem	Skafti Ingi Helgason Inge Bergum	Styremedlem Varamedlem
Ørskog	Janet Roelofs Hallgeir Bjørdal	Nestleiar Varamedlem	Janet Roelofs Knut Helge Harstad	Nestleiar Varamedlem

Ålesund	Jarle Hauge Steffenssen Yngvil Braute	Styremedlem Varamedlem	Jarle Hauge Steffenssen Yngvild Braute	Styremedlem Varamedlem
Stranda	Jostein Dalen Karl Martin Axel Bostrøm	Styremedlem Varamedlem	Jostein Dalen Karl Martin Axel Bostrøm	Styremedlem Varamedlem
Volda			Tollak Mikal Kaldheim Annlaug Sunde Stokke	Styremedlem Varamedlem
Ørsta			Karen Høydal Stein Aam	Styremedlem Varamedlem
Ulstein			Knut Erik Engh Steinar Torvik	Styremedlem Varamedlem



Ni av dei 13 styremedlemmane som vart valt på årsmøtet i Haram 14. mars 2018. Frå venstre: Birger Honningsvåg (Giske), Janet Roelofs (Ørskog), Jostein Dalen (Stranda), Solveig Linge Stakkestad (Norrdal), Tollak Mikal Kaldheim (Volda), Karen Høydal (Ørsta), Knut Erik Engh (Ulstein), Modolf Hareide (Skodje) og Vebjørn Krogsæter (Haram). Trygve Holm (Sula), Eva Hove (Stordal), Jarle Hauge Steffenssen (Ålesund) og Skafti Helgason (Vestnes) var ikkje til stades då bildet vart tatt.

Arbeidsutvalet i 2018 har bestått av Vebjørn Krogsæter, Janet Roelofs og Jarle Hauge Steffenssen. Dei har m.a. gjennomført intervju og tilsetting i Skjergardstenesta i Møre og Romsdal og lønnsforhandlingar med dei tilsette.

Styret – handsaming av saker i 2017

Styret har hatt 6 styremøte gjennom året (møtet i januar var utsett frå desember 2017). I alt har styret handsama 43 saker, til dømes:

- Rekneskap, budsjett og revisjon av budsjett, årsmelding og arbeidsprogram.
- Medlemskontingent for 2018 (vedtatt av årsmøtet)
- Opptak av Ulstein, Volda og Ørsta som nye medlemskommunar
- Personal- og tilsettingssaker
- Oppstart av Stikk UT! Ski
- Forslag til kandidatar til styret i Friluftsrådenes Landsforbund (Vebjørn Krøgsæter fekk plass i styret i FL.)
- Samarbeidsavtale om Skjergardstenesta i Møre og Romsdal og bidrag frå medlemskontingenten til drift av tenesta.
- Informasjon og oppmodingar til medlemskommunane om å arbeide med forvaltningsplanar for dei statleg sikra friluftsområda, og sikring av endå fleire.

I kvart styremøte har det også vore orienteringar om aktuelle saker og spørsmål friluftsrådet har arbeidd med gjennom året. I tillegg har fleire i styret deltatt på synfaringar, møter og konferansar i 2018, og dåpsarrangementet til skjergardstenestebåten «Rigmor».



Synfaring for å sjå på arbeidsbåten og vurdere mogleg kjøp av naust. Bålkaffi høyrer med!



Årsmøtet 2018



Årsmøtet vart halde i Eidet omsorgssenter i Haram onsdag 14. mars 2018 med 24 røysteføre delegatar, inkl. utsendingane frå dei tre nye medlemskommunane. Ulstein, Ørsta og Volda vart samrøystes ønska velkomne som nye medlemmar. Dette var den einaste saka utanom dei ordinære årsmøtesakene, jfr. vedtektene. Spørsmålet om medlemskap vart handsama først, slik at utsendingane frå dei nye kommunane fekk røysterett i dei resterande årsmøtesakene.

Palma Flåen Øvrebust gjekk ut av styret etter å ha gjort teneste så lenge som vedtektene gir løyve til, maks 8 år samanhengande. Eva Hove vart valt som nytt medlem frå Stordal. Dessverre var begge opptatt i kommunestyremøte i Stordal denne kvelden, og kunne derfor ikkje delta på årsmøtet.

Før sjølve årsmøtet var delegatane med på tur til Gurinesbukta like ved Vatne sentrum. Dette er eit lite og idyllisk statleg sikra område som er svært mykje brukt heile året. Særleg barnehagen like ved brukar området jamt. Om sommaren er det ein ynda badeplass.

I samarbeid med LHL Ørskog/Skodje/Haram, har friluftsrådet fått sett opp eit grindbygg til allmenn bruk på staden. Tidlegare har vi bygd toalett, lagt ut handikaprampe til stranda, rusta opp sjølve stranda og lagt ut bade/fiskebrygge. Friluftsrådet har jamt tilsyn og stell av området gjennom heile året. Styreleiar Vebjørn Krogsæter, som også er ordførar i Haram, var vegvisar og fortalte om verdien av å sikre også små område som dette. Leiar i LHL Ørskog/Skodje/Haram, Odd Arne Grande, tok imot med fyr i bålpanna og servering av kaffi ved grindbygget. Han orienterte om dugnadsarbeidet og aktiviteten til LHL og samarbeidet med friluftsrådet.





På tur ned mot toalettet og stranda.



Mange vart overraska over standarden på toalettet.



Så tidleg i mars var det framleis is på vatnet. Men om sommaren er badebrygga flittig i bruk. Den blir tatt opp på land kvar haust og lagt ut att før sommaren.

Tilsette og engasjerte



Innimellom er det kjekt å kunne samlast også utanom arbeidstid. Her er dei fleste faste tilsette og engasjerte prosjektleiarar i ulike prosjekt. Frå venstre: Malin Ytterhaug Giske, Ann Helen Hellevik, Wenche Dyb, Torgeir Sund, Frode Domaas, Gunn Helen Hellevik og Pål Henry Høyberg.

I 2018 har Sunnmøre friluftsråd hatt 5 fast tilsette i heile stillingar: Malin Y. Giske, Christer Lundberg Nes, Pål Henry Høyberg, Torgeir Sund (frå 1. april) og May Britt Haukås.

Gunn Helen Hellevik var prosjektleiar i midlertidig 50% stilling i arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i kommunane på Sunnmøre. I tillegg var ho innleigd på timebasis for å utvikle eit nytt rekneskaps- og prosjektstyringsystem for administrasjonen. Ho slutta 1. september og vart avløyst av Ann Helen Hellevik, som har ført arbeidet vidare.



Dagleg leiar May Britt Haukås



Christer Lundberg Nes

Wenche Dyb var engasjert som prosjektleiar for arbeidet med marin forsøpling, og Frode Domaas vikarierte for Malin Y. Giske medan ho hadde foreldrepermisjon. I tillegg har 18 personar vore innleigde som instruktørar og medhjelparar i driftsarbeidet, friluftsskulane og ulike friluftslivsarrangement.

Møte, representasjonsoppgåver mm.

Gjennom heile året er friluftsrådet med på ei rad møter, kurs, konferansar mm. i samband med arbeidet vårt. Dette gjeld både lokalt i medlemskommunane, på fylkesnivå og nasjonalt. Fleire av styremedlemmane har vore med på nokre av dei viktigaste konferansane, som Landskonferansen i friluftsliv. Dette er ein årleg møteplass for fagleg oppdatering, kunnskapsdeling og nettverksbygging for alle som arbeider med friluftsliv i landet, både tilsette i kommunar, fylke, stat, friluftsråd og ulike organisasjonar.

I tillegg blir både dagleg leiar og andre av dei tilsette ofte inviterte til å halde foredrag i ulike fora og fortelje om arbeidet til friluftsrådet. I 2018 har vi mellom anna vore hos dei nye medlemskommunane Ulstein, Ørsta og Volda, Rådet for likestilling av funksjonshemma i Ålesund, Giske formannskap, kultur- og folkehelsutvalet i Sula, Høstkonferansen for avfallsbransjen i Møre og Romsdal, Ålesund Inner Wheel, veteranklubben i Spjelkavik idrettslag og fleire andre.

Friluftsrådet er medlem i Friluftsrådernes Landsforbund (FL) og Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF). I tillegg er vi med i God Helse-samarbeidet i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Styreleiar Vebjørn Krogsæter vart i 2018 valt inn som medlem i styret til Friluftsrådernes Landsforbund.



Styremedlem for Ålesund, og medlem i styrets arbeidsutval, Jarle Hauge Steffensen (t.v.) deltok på årets landskonferanse i friluftsliv, som denne gongen var i Alta. Nytilsett leiar for Skjergardstenesta i Møre og Romsdal, Torgeir Sund, var også med på konferansen for første gong.



Besøket ved Altakraftverket var ei interessant oppleving. Tidlegare stortingsrepresentant Odd Einar Dørum fortalte om kampen før utbygginga.



Den samiske festmaten Bidos vart inntatt på tradisjonelt vis.

Medieomtale



Litt nervepirrende å bli intervjuet direkte på TV, men det gikk veldig fint.



Bibbi Kjølås, Pål Kristian Lindseth og Janne Brit Aasen frå NRK Møre og Romsdal.



På eit par timar vart dekket på arbeidsbåten fullt.

Det er viktig for friluftsrådet å vere synleg i media, både radio og TV, trykte- og sosiale media. Slik når vi ut til mange og får informert om arbeidet vårt og kva vi kan tilby innbyggjarane i medlemskommunane. Den 3. mai var vi med frå Murvika i Skodje på den direktesendte nasjonale radio- og TV-sendinga til NRK om marin forsøpling.



Både dagleg leiar og andre av dei tilsette har vore med i radiosendingar, TV-innslag, intervju i aviser og magasin i løpet av året. Særleg Stikk UT! og arbeidet med marin forsøpling får mykje merksemd, men også driftsarbeidet, friluftsskulane og andre friluftslivsarrangement. I 2018 har også den nye Skjergardstenesta fått mykje omtale.

Vi samlar på små og store avisutklipp. Etter kvart har det blitt tjukke permar, som også fungerer som dagbok og huskeliste over mykje av det vi har

jobba med. I tillegg er vi aktive på Facebook, der vi nærmar oss fire tusen følgjarar.

Vi opplever at aktivitetane til friluftsrådet blir oppfatta som positivt og godt stoff, og at redaksjonane gjerne lagar oppslag om det vi jobbar med.

Skjergardstenesta i Møre og Romsdal

Den 23. april 2018 blir ein viktig dato i historia om Skjergardstenesta i Møre og Romsdal og Sunnmøre friluftsråd. Denne dagen vedtok eit samrøystes fylkesting å forplikte seg til å løyve årlege midlar til drift av tenesta, og til å vere med på spleiselaget med finansiering av bygging av ny båt.


Dette var siste brikke som måtte på plass for at også staten v/Miljødirektoratet kunne vere med. På førehand hadde styra i Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal løyvd pengar til drift i 2018. Med vedtaket i fylkestinget var alt klart til neste steg: Å skaffe båt.

Otto Okstad i Miljødirektoratet tipsa om at Ryfylke friluftsråd vurderte å selje ein av dei eldre båtane sine. Han foreslo også ei finansieringsløyving med at direktoratet kunne forskottere 1,7 mill. av kjøpesummen på 2 mill., som lån frå dei statlege midlane som er sett av til nybygging. Føresetnaden var at fylket og friluftsråda dekte resten, og at midlane blir tilbakeførte ved sal av båten når ein ny skal byggast.

Ein delegasjon frå friluftsrådet reiste på besøk for å sjå på «Ludvig», og kom begeistra tilbake. Når så Kultur- og folkehelseutvalet i fylket sa ja til å forskottere kr. 300 000, og friluftsråda ville ta rekninga for nytt utstyr om bord på ca. kr. 400 000, vart handelen bestemt. Medlemskommunane til Sunnmøre friluftsråd betalte til saman inn 196 000 kr. i ekstraordinært tilskot til kjøp av utstyr om bord.



Stor glede over vedtaket i fylkestinget som opna vegen for Skjergardstenesta i Møre og Romsdal. Frå venstre: Torgeir Sund frå friluftsrådet, fylkesvaraordførar Gunn Berit Gjerde, May Britt Haukås frå friluftsrådet og fylkesordførar Jon Aasen.



Midt i ferien, den 25. juli 2018, kom «Ludvig» med fraktesbåt frå Stavanger.



Liten samanlikna med frakteskipet, men stor nok til arbeidsoppgåvene som ventar.

Sidan har båten vore i jamn drift, med unntak av tida det har tatt å montere nytt navigasjons- og anna utstyr om bord. Båten var ny i 2002, er 12 meter lang og har ei toppfart på 40 knop. Med vassjet, bauglem og styrhus med varme og plass til både nokre passasjerar, kaffitraktar og toalett, er den ein god arbeidsreiskap fram til den skal erstattast av ein nybygd båt.

Den gamle arbeidsbåten til Sunnmøre friluftsråd vart selt for 450 000 kroner. Desse midlane er sett av på båtfondet, som skal vere med å finansiere nybygg på sikt.

Skjergardstenesta i Møre og Romsdal er eit spleiselag mellom staten v/Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal. Staten betaler ca. 50% av kostnadane, og fylket og friluftsråda ca. 25% kvar. Primæroppgåvene til tenesta er tilrettelegging, drift og skjøtsel av statleg sikra og andre offentleg eigde friluftslivsområde. I tillegg skal tenesta brukast i kampen mot marin forsøpling, i haldningsskapande arbeid og i oppdrag for Statens Naturoppsyn. Båtar og mannskap er også ein del av beredskapen i fylket, og kan rekvirerast på kort varsel ved behov.



På ryddetokt saman med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal.

Båtdåp



Den 26. oktober 2018 inviterte friluftsrådet til feiring av etableringa av Skjergardstenesta i Møre og Romsdal, og dåp av tenestebåten.

Etter 16 år med namnet «Ludvig», vart han kalla opp etter gudmor Rigmor Andersen Eide. Som stortingspolitikar for Krf. og medlem i Energi- og miljøkomiteen, fekk ho gjennomslag for kravet om midlar på statsbudsjettet til etablering av Skjergardsteneste i heimfylket. Det vart avgjerande for at også Otto Okstad i Miljødirektoratet kunne vere fødselshjelpar, saman med Kultur- og folkehelseutvalet i fylket og fylkestinget.

At det no er etablert Skjergardsteneste i Møre og Romsdal er ein lagsiger, der også dei to friluftsråda har spelt ei avgjerande rolle.

Innsatsen til Otto Okstad i Miljødirektoratet og tidlegare stortingsrepresentant Rigmor Andersen Eide, har vore avgjerande for etableringa av Skjergardstenesta i Møre og Romsdal.



Nyvaska, pynta, og klar til fest.



Fornøgde tilsette i Sunnmøre friluftsråd.



Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal saman med ordførar i Skodje, Dag Olav Tennfjord, og styrerepresentant frå Vestnes, Skafti Helgasson.



Sula Tradband slo an tonen på kaia før dåpen.

Nokre glimt frå ein heilt spesiell og veldig hyggeleg dag. Gjestar frå Klima- og miljødepartementet, Miljødirektoratet, Friluftsrådenes Landsforbund, fylkesordførar og fylkesvaraordførar, kultur- og folkehelseutvalet, administrasjonen i fylkeskommunen, styremedlemmar, ordførarar og tilsette frå medlemskommunane, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, media og fleire andre deltok i feiringa av Skjergardstenesta i Møre og Romsdal og dåpen av «Rigmor». Arrangementet var ved Devoldfabrikken i Langevåg i Sula.

Det var talar, helsingar og blomar, gladjazz, brennsnut, kaker og kaffi, god og glad stemning. Det er store forventningar til kva skjergardstenesta kan utrette for befolkninga i fylket.



Kontor, verkstad, lager og utstyr

Sidan hausten 2011 har friluftsrådet hatt kontor, lager og verkstad på Kongshaugstranda 105 i Vegsundet i Sula kommune. Her leiger vi no seks kontor (to fleire enn året før) med diverse fellesareal, og om lag 320 m² lager og verkstadlokale. Aktivitetsleiar har heimekontor i Volda.

Med auka arbeidsmengde og tal på tilsette, vart det også behov for fleire arbeidsbilar. Leasingperioden på dei to arbeidsbilane friluftsrådet har hatt i fem år, gjekk ut i 2018. Med kjøp og sal av dei kunne vi inngå avtale om leige av tre nye arbeidsbilar til om lag same kostnaden som for dei to vi har hatt.

Dei siste åra har friluftsrådet også hatt leasingavtale på ein Irus beitepussar til bruk i driftsarbeidet. Også der har vi inngått ny avtale i 2018, og skifta til ein nyare modell med fliskuttar i tillegg, utan nemneverdig auke i leigeprisen.



Testing av ny beitepussar med fliskuttar – inkludert utelunsj.



Besøk og blomster frå Ford, som friluftsrådet leiger to av dei nye arbeidsbilane av.

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde

Med midlar frå Miljødirektoratet, fylkeskommunen, Forum for Natur- og Friluftsliv (FNF) og friluftsrådet, vart det frå 1. september 2017 oppretta ei 1-årig 50% stilling til arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i kommunane på Sunnmøre.



Gunn Helen Hellevik fekk jobben som prosjektleiar. I tillegg vart ho leigd inn på timebasis for å utvikle eit nytt rekneskaps- og prosjektstyringsystem for friluftsrådet.

Ho slutta i friluftsrådet for å starte i ny jobb då prosjektperioden var over. Men Miljødirektoratet har løyvd midlar til å vidareføre arbeidet med kartlegging og verdsetting i eitt år til, og Ann Helen Hellevik tok over og har leia arbeidet vidare sidan 1. september 2018.

Gunn Helen Hellevik Kartlegging og verdsetting av friluftsområda er viktig for å samle, og få kartfesta, informasjon om friluftsområda i kvar kommune. For kommunane blir dette kartgrunnlaget eit viktig hjelpemiddel i alt arbeid med arealplanar vidare, og i arbeidet med å sikre dei viktigaste områda og ferdselsårene for friluftslivet. Kartlegginga er også nødvendig for å kunne søkje om statleg sikring av viktige friluftslivsområde i framtida.

Statleg sikring betyr at staten kjøper friluftslivsområde som er spesielt viktige for befolkninga. Staten kan betale inntil 100% av kostnadane dersom arealet er regionalt viktig, og 50% dersom det mest er lokalbefolkninga som brukar det. Kommunen får så råderetten over området, som ikkje kan brukast til anna enn friluftsliv etter kjøpet. Etter avtale, kan kommunane delegere heile eller delar av ansvaret for drift og skjøtsel til friluftsrådet. Friluftsrådet søkjer kvart år offentlege midlar til tilretteleggingstiltak i desse områda. Det kan vere til tiltak som gapahukar, bålplassar, stupebrett, flytebrygger, stiar, toalett osv. Dei siste åra har Sunnmøre friluftsråd fått innvilga søknader for rundt 1,5 mill. kroner kvart år til slike tiltak i medlemskommunane.



Stort engasjement under kartlegginga av viktige friluftslivsområde i Norddal. Ann Helen Hellevik heldt styr på informasjonen frå dei lokalkjente om kvart område.



Drift, skjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv

I 2018 har friluftsrådet hatt ansvar for drift, skjøtsel og tilrettelegging i 18 større friluftsområde, på til saman 1496 dekar, i medlemskommunane. I tillegg kjem delansvar for drift, skjøtsel og tilrettelegging i andre statleg sikra friluftsområde som t.d. Tueneset og Parrvika i Ålesund, Murvika i Skodje, Kråkvika i Vestnes og Vassetvatnet i Sula.

Friluftsrådet har ei rad eigedelar (tilretteleggingstiltak) som flytebrygger, bruer, toalett, grindbygg og gapahukar, grill/bålplassar, stupebrett, rastebenkar, informasjonsskilt mm. Desse ligg i hovudsak i regionalt viktige friluftslivsområde.

Test og montering av stupebrett i Skråvika i Ørskog.

Døme på gjennomførte tiltak i statleg sikra friluftsområde i 2018:

- Gurinesbukta: Istandsetting etter hæreverk
- Stafsethneset: Opning av veiter og drenering av slåttemark, og badebøyer
- Håhjem: Opprusting og utviding av parkeringsplass
- Tueneset: Vintertoalett og badebøyer
- Svinøya og Storholmen: Nye grill/bålplassar, restaurering av toalett
- Leirvågen: Opprusting av parkeringsplass og turveg til badeplassen
- Osberget og Skråvika: Stupebrett og informasjonstavler
- Lillevatnet, ved elva: Sittegrupper

I tillegg er det gjort mykje anna arbeid som:

- Jamt tilsyn, vask og tømning/påfylling av toaletta
- Slått av gras, opprydding av søppel, fjerning av kratt
- Tilsyn og reparasjon av flytebrygger

Friluftsrådet har hatt god hjelp frå andre i dette arbeidet, som:

- Mauseidvåg og Solevåg Idrettslag - vask av toalett på Taustua
- Stordal Idrettslag, langrenn - vask av toalett på Overøye i Stordal
- Klasse 8B Valderøy ungd.skule - vask av toalett på Blimsanden i Giske

- Gjersetdalen Villmarksområde BA - vask av toalett i Gjersetdalen i Haram
- Ålesund Rotary Øst - dugnad Svinøya
- Kråkvika Vel - dugnad Kråkvika
- Vatne Velforening - dugnad Gurinesbukta
- LHL Skodje/Ørskog/Haram - dugnad Gurinesbukta



Kjekt med interessert selskap til arbeidet.

Toalettet på Storholmen før og etter.



Vinterøpe toalett på Tueneset.

Helikopterfrakt av grillar til Storholmen og Svinøya.



Utsetting av badebøyer.



Drenering av slåttemark.



Nye grillar på Svinøya.



Opprusta parkeringsplass Håhjem.



Krattrydding og opprusting parkeringsplass Leirvågen.



Leirvågen i Vestnes er ei perle fleire burde bli kjent med. No er her både skikkeleg parkeringsplass, turveg og bade plass. Dette er også ein flott stad for fritidsbåtar og padlarar.

Aktivitetsarbeid



Glimt frå Kom UT i Bugardsmyrane i Ulstein i haustferien.

Aktivitetsarbeid retta mot skular, barnehagar, barn og unge har vore ei viktig oppgåve for friluftsrådet heilt sidan starten av 1990-talet. Christer Lundberg Nes har vore fast tilsett som fagleiar aktivitet sidan 2008. Fram til då vart han leigd inn etter behov. Friluftsrådet har slik hatt kontinuitet i aktivitetsarbeidet gjennom meir enn 20 år og har i dag eit omfattande tilbod.

Læring i friluft

«Læring i friluft» handlar om å stimulere til meir og betre uteaktivitet i skular og barnehagar. Friluftsrådet deltek aktivt i nettverket av friluftsråd og Friluftsrådernes Landsforbund (FL) som arbeider med uteskule/-barnehage.

På slutten av 2010 starta friluftsrådet arbeidet med opprettinga av eit «lærande nettverk» for skulane i medlemskommunane. Kvart år blir det gjennomført ei to-dagars samling med ulike tema der alle medlemsskulane blir inviterte til å delta. Tanken er at når lærarar sjølve lærer korleis dei kan ta i bruk naturen som klasserom, så blir det lettare for dei å gjennomføre slike opplegg med klassane.

I 2018 er følgjande gjennomført gjennom «Læring i friluft»:

- Nettverkssamling over to dagar med i alt 37 lærarar, der tema var fiskeri, uteområde og mat ute.
- Lærar-elevrettleiing ved 11 skular med tema som livet i fjøra, sopp, mat ute, førstehjelp, taubruer, kajakk mm.
- 5 dagar med “Førstereis med Storeggen” i samarbeid med Sunnmøre museum.

- Kurs for lærarar ved 6 skular med ulike tema, som utandørs livredning, planlegging av uteområde, aktivitet i skulegarden mm.
- 553 barn og 201 vaksne har deltatt i Læring i friluft-kurs i regi av friluftsrådet i 2018.
- Gratis utlån av utstyr frå utstyrsbasen til friluftsrådet er ein del av «Læring i friluft». Meir funksjonelle og tiltalende nettsider har gjort det enklare å informere om utlånet og lettare å administrere. Tilbodet har siste åra blitt endå betre kjent blant skular, barnehagar, lag og organisasjonar i medlemskommunane. Med midlar frå Gjensidigestiftelsen har vi no tre hengarar med komplette klassesett kajakkar, to for barn og ein for ungdom/vaksne. Men også anna utstyr som lavvoar, kokeutstyr for matlaging på bål, truger, snøformingssett mm. er populære. I 2018 hadde vi 101 utlån over 324 dagar med til saman 6407 deltakarar.
- Undervisningsopplegget for kajakk utvikla i Naturesekken er fast i læreplanen for heile klassesteg ved to skular.
- Arbeidet med «Læring i friluft» er støtta med midlar via Friluftsrådenes Landsforbund og Møre og Romsdal fylkeskommune. I 2018 vart det gjennomført 49 utedagar med ca. 2 587 deltakarar.



Åmås friskule i Ørsta var mellom skulane som lånte snøformingssett av friluftsrådet i 2018. Alle foto: Møre-Nytt

Aktivitetstiltak for barn og unge

Friluftsrådet har som mål å gi barn og unge tilbud om aktivitet på fritida, der dei får prøve ut ulike friluftaktivitetar og bli betre kjent med kva dei kan finne på i eige nærmiljø. Her har vi eit tett samarbeid med lag og organisasjonar, som er dei som driv mykje av aktiviteten gjennom året.



Å meistre øks er viktig kunnskap.

Mellom tiltaka vi arrangerte i 2018 var fire friluftsskular i sommarferien. Ein i Murvika i Skodje med overnattingstur til Mevatnet, ein på Stafsethneset i Ålesund med overnattingstur til Svinøya, ein på Stranda med

overnattingar på Yste Skotet, og ein ved Osnessanden i Ulstein med overnattingstur til Borgarøya.

I haustferien arrangerte vi for andre gong Kom UT: Eit gratis tilbud til barn og unge med friluftslivsaktivitetar i eitt friluftsområde i fem kommunar over fem dagar. Desse arrangementa viser seg å vere svært populære, heile 270 personar med smått og stort kom og var med, dei fleste heile dagen.

Vi deltok også i fleire arrangement i regi av andre, som t.d. Førstereis med Storeggen, Kom ut-dagen, Førjulssøndag på Sunnmøre museum og adventstur til Rollonhytta med Barnas Turlag.



Sveler smakar alltid godt! Her frå overnattingsturen til Borgarøya for deltakarane på Ulstein friluftsskule.

I tillegg låner friluftsrådet ut kajakkar og anna utstyr til lag og foreningar som arrangerer aktivitetstilbod til barn og unge på fritida.

Arbeidet er støtta økonomisk via Friluftsrådernes Landsforbund, Møre og Romsdal fylkeskommune og Miljødirektoratet.

Kajakkpadling er alltid populært. Her frå friluftsskulen på Stranda.

Naturlos



NATURLOS
mai-juli 2018

Gjennom NATURLOS bidreg Sunnmøre friluftsråd til markedsføring av natur- og kulturvandringar i medlemskommunane. Det er i hovudsak lokale lag og organisasjonar som er arrangørar, og det er gratis å vere med.

Sjekk gjerne Facebook-sida og heimesida www.friluftsradet.no, der friluftsrådet publiserer diverse informasjon og turar som ikkje får plass i Naturlos-avisene.

Friluftsrådet gir ut Naturlos to gonger i året. Den neste kjem i månadsskiftet juli-august.

Meld gjerne inn aktuelle turar og arrangement til malin@friluftsradet.no.

NATURLOS er eit tiltak for å marknadsføre natur- og kulturvandringar og arrangement i medlemskommunane. I hovudsak er dette turar og arrangement i regi av lag og organisasjonar, som får hjelp til markedsføringa gjennom gratis omtale i Naturlos.

I 2018 marknadsførte friluftsrådet 161 natur- og kulturvandringar i medlemskommunane gjennom to Naturlosaviser. Dei kjem som innstikk i Nytt i Uka (vår og haust), og som lause aviser i dei medlemskommunane avisa ikkje dekkjer.

Med dubla sidetal, ny layout og større bilde, vart avisene luftigare, meir oversiktlege og innbydande enn tidlegare. Avisene ligg også til nedlasting på nettsidene til friluftsrådet og på Facebook. Enkeltturane vart annonserte etter kvart under logoen Naturlos på Facebook. Turane som gjekk til Stikk UT!-mål var merka med skilt i avisene, og det førte til ekstra mange deltakarar på desse. Gjennom Naturlos gir vi eit godt bilde av aktiviteten i regionen, ca. 3220 deltakarar var med på dei ulike turane og arrangementa.

I tillegg kjem ei rad andre arrangement som fekk eigne annonser i avisene og omtale på nettsida vår og Facebook. Det same gjeld fleire andre turar og arrangement der friluftsrådet var med som arrangør, t.d. Naturmøteplassane.

Friluftslivets veke vart arrangert i samarbeid med Ålesund-Sunnmøre Turistforening på Tueneset i Ålesund.

Naturlos er finansiert med midlar via Friluftsrådenes Landsforbund og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Folkehelse

Det meste av arbeidet til friluftsrådet handlar om folkehelse, anten det gjeld tilrettelegging, aktivitetar eller informasjonsarbeid. Folkehelse er likevel eit eige arbeidsområde, særleg knytt til aktivitetar for personar med spesielle behov. Mellom dei er menneske som ikkje greier å gå langt og bratt, men som likevel vil ha glede av å kome seg ut på tur. Desse er hovudmålgruppa for turkorta til friluftsrådet. 11 nye turkort vart produserte i 2018. Turkortpermane vi har distribuert tidlegare er no fulle. I 2018 har vi derfor samla alle dei 38 tidlegare turkorta, pluss dei 11 nye som vart laga i år, på nettsida til friluftsrådet. Der kan alle som vil laste dei ned og skrive ut sjølve dei turane dei er interesserte i, eller bestille trykte hefte som også inneheld informasjon om friluftsrådet, allemannsretten, førstehjelp og litt om kvar medlemskommune.

I desember inviterte vi også til turkortturar i Volda, Ørsta, Ulstein og Stranda. Dei vart arrangerte som familiekveldar, med bålkos, reflekskviss, leikar og grilling. Desse vart svært populære med stort fram møte, og freistar til å gjere meir av.



Framme ved turmålet, etter å ha gjennomført reflekskviss på vegen, venta bålet med varm drikke, grilling, leikar og mykje moro. Desse turkortturane, som vi arrangerte som familiekveldar, vart svært godt tatt imot av publikum. Her frå Volda.

Frå 2015 har dei to friluftsråda i fylket inngått samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om folkehelsearbeidet. Dette betyr m.a. at friluftsråda formelt er del av folkehelsearbeidet og med i dei fora der dette er tema. Medlemskapet kan også gi tilgang til midlar som friluftsråda tidlegare ikkje kunne søke på.



Poul Erik Jensen er oppsynsmann for friluftsrådet i Kråkvika i Vestnes, og fast vert for Naturmøteplassen der kvar onsdag. Uansett vår! 10-30 personar kjem kvar gong og nyt bålkaffi, heimebakst og godt selskap. Kona til Poul, Gunn Elisa, er fast på laget, men akkurat då dette bildet vart tatt kunne ho ikkje vere med. Så då stilte ei av dei andre trufaste deltakarane med heimebakst i staden.

Naturmøteplassen er eit prosjekt vi tok initiativ til i 2016. I 2018 var tre i sving heile året: Kråkvika i Vestnes, Aksla i Ålesund og Bugardsmyrane i Ulstein. Dette eit samarbeid med tilsette i kommunen og frivillige. Målet er at Naturmøteplassane skal vere faste møteplassar i friluft gjennom året for folk som har ledig tid på dagtid. Friluftsrådet ønskjer å få etablert Naturmøteplassar i fleire av medlemskommunar.



Heimebakst kvar onsdag i Kråkvika i Vestnes.



Så mange kjem at det trengs to kaffikjelar!

Stikk UT!



Stikk UT! byr på mange hyggelege møte med andre som er ute i same ærend. Desse to aktive brukarane møtte vi ved målet på skogsvegen på Tøssa i Ørskog.

60 store og små arbeidsplassar brukte Stikk UT! aktivt som eit helsefremjande trivselstiltak for dei tilsette i 2018. Tilbakemeldingane er svært gode, og dei fleste som har vore med tidlegare melder seg på igjen.

I desember 2018 starta vi også eit vintertilbod for første gong: Stikk UT! Ski, med 26 turmål. Sesongen varer til 2. påskedag.

Stikk UT! er den desidert mest populære turkassetrimmen i regi av friluftsråda i landet – vi vågar påstanden at den er landets beste!

Frå Tomresetra i Vestnes

Turregistreringskonkurransen Stikk UT! held fram å vekse og blir stadig meir populær. Folk i alle aldrar og samfunnslag er med. I 2018 registrerte 10 229 deltakarar 171 387 turar i sesongen frå 1. mai til 31. oktober. I tillegg viser talet på signaturar i turbøkene at vi ganske sikkert kan gange desse tala med fire.

Med tre nye medlemskommunar: Ørsta, Volda og Ulstein, vart talet på turmål auka til 167. (136 i 2017, 119 i 2016 og 83 i 2015).

Frå denne sesongen etablerte vi også ei eiga side for Stikk UT! saman med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal. Her finn brukarane all informasjon samla, og det har blitt enklare å registrere turane sine. I kartbrosjyrane hadde vi kartet for begge regionane. Samarbeidet og integreringa med fylkets turdatabase og mobilapp, Morotur, fungerer også svært godt.

Med meir tid til å jobbe med det, kunne vi ha marknadsført Stikk UT! Bedrift betre, og slik både fått med fleire og auka inntektene. Vi er likevel godt nøgde med at nesten





Skilting i Stordal.



Storvasshytta i Stordal.



Vintereventyret i Svartløkenområdet.

Innvandrarprosjektet



Frå turen til Skodjestølen, med skog og sporlaus ferdsl som hovudtema.

Også i 2018 fekk friluftsrådet midlar til tiltak for å introdusere norsk friluftsliv til folk som er nye i landet. Fordi asylmottaka var avvikla, valte vi i år å fokusere på folk som har fått opphald og blir verande i landet.

Med Inger Bakke som prosjektleiar og Malin Y. Giske som medhjelpar, etablerte vi eit godt samarbeid med Ålesund Voksenopplæring og gjennomførte sju arrangement gjennom året.

Det eine var det som etter kvart har blitt tradisjon: Førpremière på 17. mai på

Volsdalsberga den 16. mai. Då kom heile 150 personar og deltok med liv og lyst.



Deltakarane har blitt kjent med friluftslivsområde dei lett kan oppsøkje på eiga hand seinare. Mange gir uttrykk for at dei er overvelda over at dei berre kan gå ut og bruke gapahukar, grill/bålplassar og gå turar utan at det er farleg eller at nokon vil jage dei vekk. Mange av dei ber på tøffe historier, og det å kunne vere ute i naturen, åleine eller saman med andre, er med på å betre både den psykiske og fysiske helsa.



Dette prosjektet har vore ei einaste lang glede, suksess frå start til mål. Samarbeidet med Voksenopplæringa har fungert veldig godt, og også at mange av dei same elevane har vore med kvar gong. Dei har blitt kjent med turmål i nærområda, vore på fisketur med robåt, gått fjell- og skogsturar, besøkt ein utebarnehage på leirplassen deira på Aksla, og avslutta i desember med innsamling av naturmateriale og lagging av julekransar inne på Sunnmøre museum. På desse arrangementa blir det snakka

norsk, og deltakarane blomstrar og opplever meistring på ein annan måte enn i klasserommet. Det har vore smil, song, latter og glede – dette vil vi gjerne gjere meir av!



På Sulafjellet.



Sekkeløp 16. mai.



Matlagjing på høgt nivå ved Tuehuken på Tueneset i Ålesund.

Marin forsøpling



Nokre timars arbeid - og båten er full.



I 2018 fekk Sunnmøre friluftsråd 2,5 millionar kroner frå Miljødirektoratet til arbeidet med marin forsøpling. Wenche Dyb vart engasjert som prosjektleiar.

Vi søkte om eit tilskot på kr. 6.433.000, med mål om å bygge opp ein heilårleg og profesjonell organisasjon for å arbeide med marin forsøpling på heile Sunnmøre. Vi ønska å ta hovudansvar for kartlegging, organisering, innsamling, analysering og levering av marint avfall i heile regionen. Prosjektet måtte nedjusterast i samsvar med det faktiske tilskotet, og vi valte å prioritere følgande:

- Å rydde mest mogleg for midlane, både i eigen regi og ved å initiere ryddeaksjonar blant frivillige.
- Å bygge nettverk til lag, organisasjoner og enkeltpersonar, samt å kartlegge forsøpling.

Kartlegging av forsøpling på deler av kystlina på Sunnmøre

Forfattarar:

Nils-Roar Hareide, Greta Garnes, Jenny Ullgren og Charlotte Hauge

Samarbeidsprosjekt mellom Runde Miljøsententer og Sunnmøre Friluftsråd



Rapporten frå Runde Miljøsententer.

Vi har samarbeidd med Runde Miljøsententer, som har gjort ein studie på kva slags marint avfall ein finn langt inn i ein fjord og heilt ute ved kysten, og om det er skilnader på type funn. Studien blei gjort på Vemøya inst i Ellingsøyfjorden og på Lepsøya yst i havgapet. Runde Miljøsententer har laga rapport om funna.

Vi har samarbeidd med ulike ungdomsskular, idrettslag, frivilligsentralen i Ørskog, Sula Rotary, med speidarar, vennegjengar, padlarar, eldsjeler, renovasjonsselskapa, og ikkje minst med Plastpiratene på Lepsøya og med Plastfritt Hav på Giske.

Vi har betalt ut kr. 10.000 kvar til fem skuleklasser, idrettslag og speidargrupper for rydding av spesielt tildelte område, men i all hovudsak hatt fokus på å motivere til frivilligheit. Det syns vi har vore vellykka.

I mai hadde vi rydding i Skodjestraumen i samarbeid med NRK. Dykkarar tok opp ca. 8 kubikk avfall. I desember hjelpte friluftsrådet og skjergardstenesta Langevåg Småbåthavn Sameie i deira aksjon. Der henta dykkarane opp ca. 5 kubikk. Det meste av avfallet var dekk, sykklar, hardplast, reklameskilt, sko mm. Elles har vi fjerna fire kasserte fritidsbåtar og tre havarerte flytebrygger.

Totalt har Sunnmøre friluftsråd vore involvert i rydding av ca. 360 km i vårt område og fått fjerna ca. 40 tonn marint avfall. Ein viktig faktor i suksessen er at skjergardstenesta kom i gang etter sommaren. Med den nye tenestebåten kunne vi nå område lenger unna og gå ut også i dårleg vær.



Glimt frå ryddeaksjonar, m.a. på Kverveneset på Ellingsøya saman med Redningstenesta og frivillige.





Midlane frå Miljødirektoratet til marin forsøpling kunne ikkje brukast til innkjøp av båt til arbeidet. Før det vart klart at skjergardstenesta ville komme på plass, brukte derfor friluftsrådet egne midlar til å kjøpe ein effektiv arbeidsbåt med større rekkevidde og betre fasilitetar enn den gamle.

Denne båten blir brukt både i arbeidet med marin forsøpling og i driftsarbeidet. Den gamle arbeidsbåten vart seld.

Skikkeleg arbeidsreiskap er halve jobben. Båten manglar førebels namn, men både mannskapet og styret er fornøgde med nyinnkjøpet og den totale båtparken friluftsrådet no disponerer.



Kystleia

Dei to færingane friluftsrådet eig, Leia og Linge, ligg ved Sunnmøre Museum. Dei blir leigde ut i samarbeid med museet og Sunnmøre Kystlag, både til private og til lag og foreiningar. «Linge» har plass til 4 personar og kostar berre kr. 150 å leige ein dag. Med overnatting og lavvo blir prisen kr. 350. Same prisane gjeld for «Leia», som har plass til 6 personar. Dei som vil leige robåtane må ta kontakt med museet.



«Linge» til venstre og «Leia» til høgre.

Leikepatruljen



*Frå venstre:
Styreleiar Vebjørn
Krogsæter, dagleg
leiar May Britt
Haukås, prosjektleiar
Stig Johansen og
leiar i gåveutvalet til
Gjensidigestiftelsen,
Halldor Lillebø. Foto
Staale Wattø,
Sunnmørsposten*

Det har nesten blitt ein tradisjon at friluftsrådet tek imot ein stor gâvesjekk frå Gjensidigestiftelsen rett før jul. Tidlegare har stiftelsen bidratt med store midlar både til 12 vakumtoalett i friluftslivsområda, til komplette klassesett med kajakkar og til turkassetrimmen Stikk UT!. I 2018 løyvde stiftelsen den størst summen nokon gong til eit enkelt prosjekt i vår region: 2,5 millionar kroner over 2 år til Leikepatruljen.

Stig Jakob Johansen har henta dette prosjektet frå Danmark og tilpassa det til norske forhold. No har Sunnmøre friluftsråd fått eigarskapen til Leikepatruljen, med Johansen som prosjektleiar.

Leikepatruljen handlar om å gi elevane sjølve ansvaret for leiken i friminutta og for å passe på at alle får vere med. Erfaringa er at den fysiske aktiviteten, trivselen og miljøet generelt på skulane aukar, og at mobbing blir drastisk redusert. Dette blir eit viktig satsingsområde for Sunnmøre friluftsråd i arbeidet med Læring i friluft i 2019 og vidare framover.

*Nesten heile staben
var med på å ta imot
den store gâva – og
lunsjen etterpå.*



Økonomi og rekneskap

Revisorgodkjent årsoppgjer for 2018 blir lagt fram for årsmøtet i mars.

Årsoppgjeret viser ein omsetnad på vel 10,5 millionar kroner og eit resultat på kr. 1 471 621. I 2017 var driftsinntektene på vel 6,9 millionar kroner og overskotet på kr. 438 827,-.

I 2018 har vi hatt full nytte av det nye prosjektstyringssystemet vi så vidt starta med i 2017. No blir arbeidstimane, til fast timepris, ført på kvart prosjekt kvar månad og gir oss betre kontroll.

Andre viktige bidrag til resultatet er inntekter frå utleige av mannskap og båtmateriell til prosjektet Marin forsøpling, og at friluftsrådet i 2018 har hatt fleire permisjonar og sjukmeldingsperiodar blant dei tilsette. Dette er berre delvis blitt dekt opp av innleigd arbeidskraft. I staden har ekstrainsats frå resten av staben ført til at vi pr. 1.1.2019 har opparbeidd ca. 700 timar avspasering, som det altså ikkje er betalt løn for.

Vel 2 mill. kr. er overført til 2019. Dette gjeld prosjekt som har fått tilsegn, men som ikkje er avslutta, i 2018 og som blir vidareførte. Døme på det er kartleggingsprosjektet, marin forsøpling, drenering av Stafsethneset, Liljedalsbrua over Spjelkavikelva m.fl.

Salssummen for den gamle arbeidsbåten, kr. 450 000, er sett inn på kontoen for båtfond, som skal vere med og finansiere medlemskommunane sin del av bygging av ny båt til Skjergardstenesta. Kr. 161 250 av inntektene frå salet av den og dei gamle arbeidsbilane, er inntektsførte i 2018. Verdien av m.a. tenestebåten til skjergardstenesta, som Miljødirektoratet, fylkeskommunen og medlemskommunane løyvde til saman ca. 2,5 mill. til, er ført som varige driftsmidlar i rekneskapan.

I 2018 skaffa friluftsrådet **kr. 4,67** frå andre kjelder for kvar krone kommunane betalte i medlemskontingent. Dette trass i at den samla kontingenten auka med Ørsta, Volda og Ulstein som nye medlemskommunar.

Friluftsrådet har god likviditet og vel 3 millionar kroner på konto pr. 31.12.2018.


INNETKTSFORDELING

Inntekter	2018
Medlemskontingent	2 255 123
Administrative tilskot (FL og FK)	778 000
Prosjekttilskot aktivitet	1 714 600
Prosjekttilskot drift ***	2 374 817
Prosjekttilskot andre prosjekt*	2 557 456
Salsinntekt**	947 069
	10 627 065

*Prosjekta Kartlegging/verdsetting og Marin forsøpling

** inkl. gevinst av sal driftsmidlar

*** inkl. Skjergardstenesta



Stor takk til medlemskommunane, Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Gjensidigestiftelsen og Friluftsrådenes landsforbund som i hovudsak finansierer arbeidet til friluftsrådet.

Oversikt over friluftsområde der friluftsrådet har ansvar per 31.12.18

Kommune	Namn	Areal/da	Eigar	Sikringsstatus	Tilrettelegging
Giske	Blimsanden	10	Privat	Regulert	2 Toalett, tilkomstveg, vegbom
Haram	Bjørnøya	200	Privat	Avtale m/grunneigar 10 år	* Kystfort, turveg og stiar, informasjon, kvilebenkar etc Parkeringsplass, veg, bade/fiskebrygge, rullestolrampe, toalett, badestrand, bål plass, grindbygg.
	Gurinesbukta	5,4	Kommunen	Statleg sikra	
Skodje	Mauren	315,5	Staten	Statleg sikra	Turveg, tursti, 2 p- plasser, servicebygg med toalett Tursti , P-plass, vegbom, toalett, grindbygg, bål plass
	Håhjem	80	Kommunen	Kommunal eige dom – regulert	
Sula	Langevågsholmane	114,3	Staten	Statleg sikra	Turstiar, 2 brygger, kai, informasjon, toalett P-plass, garasje, toalett Grindbygg, toalett
	Eikrem Vassetvatnet	6,1	Kommunen	Statleg sikra	
Vestnes	Kråkvik	101,6	Staten	Statleg sikra	Tilkomstveg, turveg, turstiar, servicebygg med toalett, gapahuk og bål plassar, bade/fiskemolo, 2 stk. vegbommar Tilkomstveg, turveg m/bru, parkeringsplass
	Leirvågen	165	Kommunen	Statleg sikra	
Ørskog	Skråvika og Osberget	10	Kommunen	Statleg sikra	P-plass, turveg, toalett, vegbom, badestrand, stupebrett, info.skilt

Ålesund	Svinøya	227,4	Staten	Statleg sikra	2 toalett, turstiar, natur- og kultursti, 2 gjestebrygger, grillplass, kystleihytte, trapper Kai, turstiar, toalett Gjestebrygge, turstiar, hageanlegg, parkeringsplass, brygger, toalett, vegbom, bål plass etc
	Vikholmen	90	Kommunen	Kommunalt sikra	
	Hunsvær	80	Kommunen	Kommunalt sikra	
	Stafsethneset	28,2	Kommunen	Statleg sikra	
Stordal	Øyna	49,5	Privat		2 bruer, toalett
		1423,5 da			

I tillegg har Friluftsrådet heilt eller delvis ansvaret i desse områda:

- Parrvika friluftsområde i Ålesund kommune
- Tueneset friluftsområde i Ålesund kommune
- Spjelkavikelva friluftsområde i Ålesund kommune
- Murvika friluftsområde i Skodje kommune
- Vassetvatnet friluftsområde i Sula kommune
- Sti til Hamnsundhellaren i Haram kommune
- Sti mellom Alnes og Juv i Giske kommune
- Sti mellom Sandvika og Nøringset i Sula kommune
- Parkeringsplass ved Eikenosa i Ålesund kommune
- Parkeringsplass ved Storsætra i Skodje kommune
- Skiløyper rundt Mevatn og Svartløken i kommunane Skodje, Vestnes og Ørskog
- Sti til Skjonghellaren i Giske kommune
- Den Trondhjemske Postveg gjennom kommunane Vestnes og Ørskog



Sommardag ved Vassetvatnet i Sula. Toalettet til friluftsrådet oppe til venstre.

Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane

I alt er det 33 statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane til friluftsrådet. To av dei, Giske og Norddal, har ingen statleg sikra friluftsområde.

Friluftsrådet har eit heilskapleg driftsansvar for 9 av dei statleg sikra områda og delansvar for tiltak (t.d. toalett) i fleire av dei andre.

Friluftsrådet søkjer på vegne av rådet og kommunane om skjøtsel- og tilretteleggingsmidlar til dei statleg sikra friluftsområda.



Brygga på Dyrkorn i Stordal.



Straks klart for driftsrunde med grasklipping.

Eigedelar per 31.12.18

Gjenstandar	Kommune	Lokalisert
Gjestebrygger og kaier	Giske	Godøya
		Ytterland
	Haram	Austnes
		Søvik
	Skodje	Dampskipskaia
		Mauren
	Stordal	Dyrkorn
	Sula	Storholmen
		Storholmen
		Brennholmen
	Ålesund	Svinøya
		Svinøya
		Hundsvær
		Sunnmøre Museum
		Svinøya
		Vikholmen
	Stafsethneset	
Bruer	Stordal	Store Ådalselva
	Stordal	Elvabytet
	Ørskog	Fosslibrua (Måslia)

	Ørskog	Postvegen over Tverrelva
	Skodje	Mevatnet
	Vestnes	Kråkvika 3, Leirvågen 1
Toalett	Giske	Blimsanden 2 stk
	Haram	Gurinesbukta
	Haram	Gjersetvatnet
	Sula	Taustua
	Sula	Eikrem
	Sula	Storholmen
	Sula	Vassetvatnet
	Skodje	Murvika
	Skodje	Håjem
	Stordal	Overøye
	Ålesund	2 stk. Svinøya
	Ålesund	Vikholmen
	Ålesund	Parrvika
	Ålesund	2 stk. Tueneset
	Ålesund	Lillevatnet
	Ålesund	Sandingane
	Ålesund	Stafsethneset
	Ålesund	2 stk. Voldsdalsberga
	Ørskog	Skråvika, Brauta, Vaksvikfjellet
	Norddal	Norddalsstranda
	Stordal	1 stk midlertidig
Toalett/reiskapsbu	Skodje	Mauren
	Vestnes	Kråkvika
	Ålesund	Svinøya
Reiskapshus	Sula	Eikrem
Gapahuk/grindbygg	Vestnes, Sula, Skodje, Haram	Kråkvika, Lervågen, Håhjem, Vassetvatnet Gurinesbukta
Bålplass	Vestnes, Ålesund, Sula	Kråkvika (2 stk) Stafsethneset, Svinøya, Storholmen
Informasjonstavler	Sula	Eltrane
	Sula	Sandvika
	Giske	Godøya (3stk)
	Ålesund	Stafsethneset
	Ørskog	Osberget, Skråvika
Bade-/Fiskebryggje	Vestnes, Haram	Kråkvika, Gurinesbukta
Raste- og kvilebenkar	Stranda Ålesund	Flofjellsvegen Fjordstien
Handreiskap og verkty		
Tilhengarar og båthengar		
Beitepussar og slåmaskinar		
Arbeidsbåtar med motor		

Liten arbeidsbåt med påhengsmotor		
Div aktivitetsutstyr		
Diverse kontorutstyr		
Utstyrsbase med kajakkar, lavvoar, truger mm til utlån.		

Vedtekter

(Gjeldande frå årsmøte 14.03.2018)

§1 - MEDLEMMAR

Sunnmøre friluftsråd er eit interkommunalt samarbeidsorgan etter §27 i Kommunelova mellom kommunane Giske, Haram, Norddal, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Ulstein, Vestnes, Volda, Ørskog, Ørsta og Ålesund.

Nye deltakarkommunar skal godkjennast av årsmøtet.

§2 - FORMÅL

Oppgåvene til Sunnmøre friluftsråd er i samarbeid med medlemskommunane, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar å arbeide for:

- a) Sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag til bruk for ålmenta.
- b) Å skape større forståing for nytten av friluftsliv.
- c) Å betre friluftskulturen.
- d) Å stimulere til friluftsliv for alle.
- e) Å legge til rette for fysisk aktivitet for barn og unge.
- f) Utarbeide planar som skal ligge til grunn for rådet sitt arbeid.
- g) Vere ein pådrivar for medlemskommunane i friluftslivssaker og ein høyringsinstans i prinsipielle friluftssaker.

§3 - ORGANISASJON

Årsmøtet, styret og arbeidsutvalet er dei faste organa til Sunnmøre friluftsråd.

Styret og administrasjonen står for den dagleg drifta.

§4 - ØKONOMI

Deltakarkommunane skal betale tilskot til verksemda til Sunnmøre friluftsråd. Årsmøte fastset eit årleg pr. capita tilskot basert på folketal frå Statistisk Sentralbyrå frå føregåande år.

Budsjettframlegg som inneber meir enn 2% reell auke i tilskota frå medlemskommunane krev 2/3 fleirtal på årsmøtet.

Framlegg til arbeidsprogram og budsjett for neste år skal sendast til medlemmane til orientering.

Friluftsrådet kan ikkje ta opp lån eller pantsette eigedom utan at dette er godkjent av medlemskommunane på førehand.

§5 - ÅRSMØTET

Årsmøtet er høgste styresmakt i friluftsrådet. Ordinært årsmøte skal haldast innan utgangen av mars kvart år.

Kvar medlemskommune kan sende 2 representantar med røysterett til årsmøtet, helst ein av kvart kjønn.

Kommunane skal velje dei 2 representantane med vararepresentantar for heile kommunevalperioden. Medlemmane i styret har røysterett på årsmøtet.

På årsmøtet kan følgjande møte med røysterett.

- 2 representantar frå kvar medlemskommune
- Medlemmane i styret

Årsmøtet er også ope for andre interesserte.

Årsmøtet avgjer i kvart enkelt høve om andre frammøtte skal ha talerett i ei eller fleire saker på møtet.

Årsmøtet er vedtaksført når det etter vedtektene er lovleg innkalla og kunngjort.

Årsmøtet vert innkalla etter vedtak i styret og med minst 4 vekers skriftleg varsel.

Ordinært årsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling og sakliste
2. Velje ordstyrar og sekretær
3. Handsame årsmeldinga til styret
4. Godkjenne den framlagde rekneskapen med revisjonsmelding
5. Fastsette neste års medlemskontingent. Ein auke utover 2% frå året før krev 2/3 fleirtal på årsmøtet.
6. Handsame innkomne framlegg
7. Handsame framlegget til neste års budsjett
8. Velje:

- a) Styre med vararepresentant (1 styremedlem + 1 personleg vararepresentant frå kvar medlemskommune).
Kvar kommune bør stille med ein representant/vararepresentant av kvart kjønn.
- b) Leiar og nestleiar i styret mellom medlemmane i det alt valte styret.
- c) Revisor.
- d) Valnemnd på 3 medlemmar og 1 varamedlem.
- e) To personar til å godkjenne møteprotokollen frå årsmøtet.

Revisor og medlemmane av valnemnda vert valt for eitt år.

Medlemmane i styret har ei funksjonstid på to år, maksimalt 8 år samanhengande. Årsmøtet bør sjå til at det er minst 40% av kvart kjønn i styret. Så langt råd skal halvparten av styremedlemmane vere på val kvart år.

Vararepresentantane til styret vert valt for same tidsperiode som tilsvarande styremedlem.

Alle val skal vere skriftlege dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg.

Når kandidatar skal veljast enkeltvis og ingen av kandidatane oppnår fleirtal, dvs. minst halvparten av røystene, skal det gjennomførast omval mellom dei to kandidatane som fekk flest røyster. Er det etter omvalet like mange røyster på kvar kandidat, skal valet avgjerast ved loddtrekning.

Alle vedtak på årsmøtet vert avgjort med vanleg fleirtal. Unntaket er sakene som etter vedtektene krev kvalifisert fleirtal.

Ved stemmelikskap i saker som krev vanleg fleirtal avgjer dobbeltstemma til leiaren, sekundært vara for leiar.

§6 - EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan innkallast med minst 2 vekers skriftleg varsel etter vedtak i styret, eller når minst halvparten av medlemskommunane krev dette skriftleg.

Saklista skal leggest ved innkallinga.

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame dei sakene som er nemnde i innkallinga.

§7 - STYRET

Styret er samansett av eitt medlem frå kvar medlemskommune.

Styret har leiaransvaret for friluftsrådet mellom årsmøta.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades. Alle vedtak i styret vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom det vert like mange røyster for og imot, avgjer leiaren med dobbeltstemme.

Styret vert leia av leiaren. Nestleiar tek over dersom leiar ikkje kan møte.

Leiaren avgjer når styret skal møtast. Styret kan også innkallast når eit fleirtal av styremedlemmane ønskjer det.

Styret kan velje eit arbeidsutval blant medlemmane. Arbeidsutvalet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei styret på førehand gir fullmakt til.

Arbeidsoppgåvene til styret er m.a:

1. Å fremje oppgåvene til friluftsrådet i samsvar med vedtekter og årsmøtevedtak.
2. Å leie den vanlege drifta i friluftsrådet og ha ansvar for økonomistyring i samsvar med vedtatt budsjett.
3. Å tilsette medarbeidarar.
4. Å kunne gi fullmakter (økonomisk og juridisk).
5. Å ha ansvar for at det vert ført rekneskap, og ført protokoll over alle møter og forhandlingar.
6. Å sende referat frå årsmøtet til alle medlemmane i friluftsrådet, til fylkeskommunen og til Friluftsrådernes landsforbund.
7. Å førebu årsmøtesaker med framlegg til vedtak om arbeidsprogram, budsjett og kontingent.

§8 - VEDTEKTSENDRINGAR

Endringar av vedtektene må gjerast på årsmøtet og krev minst 2/3 fleirtal.

§9 - UTMELDING

Eit medlem kan melde seg ut av friluftsrådet etter lovleg fatta vedtak i kommunen.

Utmeldinga blir først gyldig når kommunen har betalt medlemskontingenten også for det året utmeldinga tek til å gjelde.

§10 - OPPLØYSING

Oppløysing av friluftsrådet kan berre vedtakast på eit ordinært årsmøte og med minst 2/3 fleirtal.

Framlegg om oppløysing må vere oppført på saklista som medlemmane må ha fått tilsendt minst 14 dagar før møtet.

Blir oppløysing vedtatt med minst 2/3 fleirtal, skal det haldast ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare med oppløysing på saklista.

Dersom friluftsrådet blir oppløyst skal alle omsettelege aktiva seljast. Saman med andre kontante midlar skal verdiane delast mellom medlemskommunane, i høve til kontingenten frå kvar enkelt.